

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 23. august 2016.

Tilstades: Regionordførar Erik Skjervagen, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, Jon Rikard Kleven, Jarand Felland, Halfdan Haugan, Ketil Kiland, Sverre Sæter, Kari Gro Espeland, Jan Myrekrok, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Tilstades frå Tfk: Tone Berge Hansen, Anne-Gro Ahnstrøm og Therese Lahus og Magne Reiersen.
Frå Fylkesmannen i Telemark møtte Per Dehli.

I tillegg møtte stortingsrepresentant Lene Vågslid i samband med saken om nærpolitireformen.

Halfdan Haugan ynskte vel møtt og orienterte om saker som er sentrale for kommunen. Dyrku'n feirar 150 år og ein ventar god deltaking, ikkje minst fredag då kronsprinsparet kjem. Gjennomslag for tunnelen Århus - Gvammen er venta i januar 2017, noko som vil bety mykje for bygda. Viktig er også etableringa av næringshage i Telebygget. Seljord kommune er også god på integrering, og vil i oktober busette eit antal mindreårige flyktningar.

Møteinnkalling og sakliste vart deretter samrøystes godkjent.

Sak 23/2016. Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet/møte med Telemarksbenken 24. mai 2016.

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet/møte med Telemarksbenken vert samrøystes godkjent.

Sak 24/2016. Nærpolitireformen - prosess/representasjon.

Til grunn for saken låg at politiet ynskjer samtaler omkring den nye organiseringa og har invitert til dialogmøte i september. I tillegg var det også invitert til å delta i ei styringsgruppe bestående av representantar både frå politiet og kommunane, der fyrste møtet var fastsett til 22. august. Etter drøfting møtte alle 6 ordførarane i nemnde møte, og på rådsmøtet 23. august orienterte regionordførar nærare frå dette.

Styringsgruppa blir for dei vidare møta redusert slik at dei 4 regionane i Telemark skal velje 1 eller 2 representantar.

Etter nærare drøfting vart det gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og vil melde inn 2 representantar til styringsgruppa. Desse blir: Erik Skjervagen og Jon Rikard Kleven.

I samband med framlegging av ein komande rapport, blir neste rådsmøte flytta frå

11. oktober til 18. oktober. Vest-Telemarkrådet vil då invitere kommunestyrepresentantane i dei 6 kommunane til ei breid drøfting omkring saken, der også politimeisteren vert invitert for å informere nærare.

Sak. 25/2016. Høyring "Bærekraftige Telemark" - regional planstrategi. Forslag til uttale.

Det låg føre invitasjon frå Telemark fylkeskommune til å kome med uttale til regional planstrategi for perioden 2016 - 2020. Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet hadde laga utkast til uttale som låg som vedlegg til saken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner samrøystes det framlagte forslaget til uttale til regional planstrategi 2016 - 2020.

Sak. 26/2016. Høyring KVV Grenlandsbanen - forslag til uttale frå Telemark Fylkeskommune.

Det låg føre invitasjon frå Jernbaneverket om å kome med uttale til KVV Grenlandsbanen gjeldande samankopling av Vestfoldbanen og Sørlandsbanen. Regionrådsleiar orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken og prosessen fram til dags dato.

Formuleringane i uttaleforslaget bygger mellom anna på eit arbeidsmøte 16. august mellom fylkeskommunen og regionane.

Prosjektleiar Anne-Gro Ahnstrøm orienterte frå møte i ordførarkollegiet i Grenlandssamarbeidet, som foreslo å sløyfe punktet om å oppretthalde tilbodet på Sørlandsbanen.

Det vart frå Ahnstrøm si side presisert at administrasjonen i fylkeskommunen vil halde fast på det omforente forslaget, og legge dette fram til politisk handsaming.

Det vart gjort slikt vedtak:

Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande, og sluttar seg til det omforente forslaget til høyringsuttale.

Rådet vil i tillegg uttale seg direkte i saken, og gjev administrasjonen i oppdrag å lage utkast til uttale til neste rådsmøte.

Sak. 27/2016. Høyringar - kort drøfting om prosedyrer.

Temaet kom opp på bakgrunn av innspel frå rådmann Jan Myrekrok og kort drøfting i Arbeidsutvalet. Regionrådsleiar orienterte nærare om saken og sette fram ynskje om å halde fram/vidareutvikle det gode samarbeidet om førebuing og arbeidsfordeling når det gjeld høyringsuttaler. Leiar av rådmannsutvalet, Kari Gro Espeland, heldt fram at dette bør vera fast tema på møta i rådmannsutvalet.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Vest-Telemarkrådet ser det som føremålstenleg å vidareføre/vidareutvikle dagens praksis der rådmennene og Vest-Telemarkrådet samrår seg i høve til kven som skal lage uttaleforslag til dei ulike høyringane. Det er viktig med tett dialog i arbeidet, og Rådet sluttar seg til at rådmannsutvalet har dette fast på sin dagsorden.

Sak. 28/2016. Ungt Entreprenørskap, orientering v/Ann Iren Haugen.

Dagleg leiar i Ungt Entreprenørskap Telemark, Ann Iren Haugen og Tone Allum frå Etablererkontoret Grenland (også styreleiar i Ungt Entreprenørskap) var tilstades i møtet og orienterte nærare om organisasjonen, som arbeider for å fremje entreprenørskapskultur i grunnskulen, vidaregåande skule og høgare utdanning i Telemark.

Fylkeskommunen har mellom anna som målsetting å auke entreprenørskaps-aktiviteten i dei vidaregåande skulane med 100 %.

Ungt Entreprenørskap besøker no samtlige kommunar i fylket med tanke på å få til ei varig og forutsigbar finansiering av sin aktivitet. Ann Iren Haugen la på møtet fram forslag til finansieringsmodell, der kommunane heretter må bidra økonomisk for å få tilgang til entreprenørskapsprogramma.

5 av kommunane i Vest-Telemark skal etter modellforslaget betale ein årleg kontingent på kr 35 000,- medan Vinje pga større folketal må betale kr 50 000,-.

Ny finansieringsmodell er planlagt å gjelde frå 1.1.2017.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Sak. 29/2016. Kommunereformen - rapport.

Det låg føre rapport gjeldande forprosjektet som er gjennomført i samband med kommunereformen. Ole Dalen gjorde nærare greie for innhaldet i denne.

Konklusjonen etter politisk handsaming i kommunane er at det ikkje er grunnlag for å gjennomføre samanslåing i Vest-Telemark.

Eit forslag til prosjekt-spesifikasjon for vidareutvikling av det interkommunale samarbeidet i regionen skal i nær framtid handsamast av kommunane.

Rådmann Ketil Kiland orienterte om arbeidet med prosjektspesifikasjonen. Det er neppe realistisk at alle 6 kommunane skal delta i alle aktuelle samarbeid, og det må vera opning for samarbeidsordningar mellom 2, 3, 4 eller 5 kommunar. Vedtak om konkrete samarbeid vil måtte kome seinare. I den samanheng er det viktig med ein form for balanse mellom kommunane.

Etter at kvar kommune har handsama saken, er det naturleg at vedtaka dannar grunnlag for vidare drøftingar i Rådet.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek sluttrapporten til vitande og ynskjer å drøfte aktuelle samarbeidsområde / vidare arbeid på neste rådsmøte.

Sak. 30/2016. Regionreformen innan fylkeskommunen og Fylkesmannen.

Etter vedtak i Stortinget er det sett i gang ein prosess med tanke på reduksjon i antal fylkeskommunar. Mellom anna har det funne stad samtaler mellom Buskerud, Vestfold og Telemark med tanke på mogleg samanslåing. Til rådsmøtet 23. august hadde Vest-Telemarkrådet invitert Magne Reiersen Telemark fylkeskommune og Per Dehli frå Fylkesmannen i Telemark til å orientere nærare om dette arbeidet.

Buskerud fylkeskommune har vedteke at det ikkje er naturleg å arbeide vidare mot ein felles region for Buskerud, Vestfold og Telemark, medan Vestfold fylkeskommune i nær framtid skal ta standpunkt i høve til kva for retning dei ynskjer å arbeide mot. For Telemark sin del vert det no fokusert på ei mogleg samanslåing med Vestfold.

Generelt sett er det ganske opent mange stader i landet. Sjølve prosessen har eit preg av sentral styring, og truleg vil fleire ulike organisasjonar bli samordna i tråd med den framtidige fylkesstrukturen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.

Sak. 31/2016. Ymse.

Nærings- og fiskeridepartementet "tømer" departementet for å dra på bedriftsbesøk 24. - 28. oktober.

Regionrådsleiar orienterte kort om saken der departementet ynskjer invitasjonar frå heile landet for å besøke aktuelle bedrifter i perioden 24. - 28. oktober.

Tema for årets besøk er " Omstilling og utfordringer i norsk næringsliv".

Etter at saken vart drøfta i AU, har administrasjonen sendt melding til Vest-Telemark Næringsutvikling, Vest-Telemark Næringshage og Vest-Telemark Næringsforum med tanke på søknad/planlegging/samordning av eit departementsbesøk i regionen.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.

Referent: Kjell Gunnar Heggnes